

Sikra årets første poeng i jamn bortekamp

fredag 20. august 2021 19:50 - Sist oppdatert fredag 20. august 2021 21:42



Vestnes Varfjell sikra årets første poeng i 4. divisjon då laget spelte 1-1 borte mot Eide fredag kveld. I ein jamnspelt kamp sto det 0-0 ved pause. Eide tok leiinga på ei heading etter eit frispark i andre omgang, men Juan Rikard Larsen utlikna med eit skot frå kloss hald ikkje lenge etterpå. Begge lag hadde sjansar til å skåre fleire gongar, men uavgjort var vel eit greit resultat. Trenar Ole Håkon Heen Lien var fornøgd med førsteomgangen, men skuffa over at laget ikkje greide å følge opp like bra etter kvilen. - Då vart me for stressa og spelte på oss for mange brudd, sa trenaren etter kampen. Han var heller ikkje fornøgd med markeringa på 1-0-målet.

Vestnes Varfjell kom best i gang på kunstgraset på Eide. Karl Arne Stokkeland var nære frampå før Ørjan Tangen og Svein Erik Lange Male hadde ein dobbeltsjans på ein corner. Heimelaget kom betre med utover i omgangen og hadde også ein ball inne, men keeper dømte frispark etter at Lange Male vart hindra med ulovlege middel.

Eide starta best i andre omgang og tok leiinga på ei heading etter eit frispark. Dei hadde også ei par andre sjansar der ballen strauk tverrliggar og stolpe. Ti minutt seinare var laga like langt. Innbyttar Ole-Ragnar Forsland gjorde forarbeidet med skot på keeper som Juan Rikard Larsen plukka opp og sette kontant i mål til 1-1.

Eide vart nummer to begge dei to siste sesongane i 4. divisjon, men har til liks med Vestnes Varfjell mista sterka spelarar sidan då. I denne kampen var bestemann frå forrige kamp, Cédrik Andreassen borte i samband med konfirmasjon, medan Magnus Nerheim ikkje var med etter overtrakk sist. Vegar Skare måtte gje seg etter berre ti minutt og Karl Arne Stokkeland måtte ut ved pause. Heldigvis har laget ein jamn og god tropp.

Malmefjorden heime er neste kamp.

[Nokre bilde og ein filmsnutt frå kampen](#)

[Romsdals Budstikke om kampen](#)

[Kamprapport](#)

Kampfakta:

Eide og Omegn - Vestnes Varfjell 1-1 (0-0)

Seriekamp, 4. divisjon Nordmøre/Romsdal

Eide kunstgrasbane, 70 tilskuarer

Mål:

1-0 (52) Stian Lysgård

1-1 (63) Juan Rikard Larsen

Gult kort: Eirik Tomren. (65) Owen Connor (74) og Ørjan Tangen (74), Vestnes Varfjell; Kevin Gustad, Eide (85)

Dommar: Per Ivar Skrøvset, Bøfjord

Vestnes Varfjell (3-4-3): Owen Connor; Håkon Kjørvik, Svein Erik Lange Male, Ørjan Tangen (k)

Sikra årets første poeng i jamn bortekamp

fredag 20. august 2021 19:50 - Sist oppdatert fredag 20. august 2021 21:42

- Juan Rikard Larsen, Vegard Ellingseter (Ole Håkon Heen Lien 87.), Vegar Skare (Oliver Connor Søreng 10.), Lars-Helge Lien - Tor-Bjarne Løvik Salte (Elling Olafsen 87.), Karl Arne Stokkeland (Ole-Ragnar Opstad Forsland 46.), Eirik Leao Tomren